



I overkant av 50 stilte opp i barnerennet- (Foto: Ola Matti Mathisen)

Telenorkarusellrennet med sprintoppgjer i Tveitedalen i kveld vart avvikla under det ein bør kalle drømmetilhøve i Ternens utruleg fine skisenter. For første gong på mange år har det lokka med opptil ein meter snø i vekesvis.

Det kjem som regel snø der kvart år, men som regel blir han ikkje liggjande så lenge. I så måte er denne vinteren eineståande, seier lokalkjende. Dei kan og opplysa om at det er stort innrykk av folk i dette vinter-eldoradoet kvar einaste dag.

Arrangementet til skigruppa frå Uskedalen var prikkfritt og gjekk som på skinner, her var det heller ikkje tendensar til "olympisk trøbbel" i startfasen!

Rundt rekna 135 var med og vel 50 av dei starta i barnerennet. Det må ein registrera som eit nytt prov på at skisporten verkeleg har vind i segla også på våre traktar denne unike vinteren. Så stor oppslutnad om eit kveldsrenn midt i veka og det sjølv om vi snart er midt i ei olympisk økt, er ganske eineståande.

Alle fekk fine Telenor-premiar og på pluss-sida må også noterast god servering inne i klubbhuset. Uskedalen har verkeleg grunn til å misunna Ternens dette anlegget, som altså ved dette høvet var basis for eit fruktbart samarbeid.

Resultata kjem seinare.

Av Ola Matti Mathisen